

# HØYRINGSSVAR frå Jørpeland sokneråd

## Vegval for framtidig kyrkjeordning

Sak 29-15 – Jørpeland sokneråd

### «Veivalg for fremtidig kirkeordning»

*Vedtak: Jørpeland sokneråd foreslår Fellesrådets uttale (se vedlegg) i høring om «Veivalg for fremtidig kirkeordning» med følgende endring:*

*2 personer vil ha kirkevergens forslag til uttale (utan innleiing i blått – sjå under).*

*1 person vil ha Fellesrådets uttale med merknader fra møte 13.5.15 (med innleiing i blått – sjå under)*

*og 2 personer vil ha Fellesråd til prostenivå og legge ned bispedømmeråd.*

### Her er Strand kyrkjeleg fellesråd sin uttale frå 13.05.2015:

Strand kyrkjeleg fellesråd hadde denne saka oppe på møtet onsdag 13. mai 2015 (sak 22/15). Her blei kyrkjeverja sitt forslag til høyringsuttale lagt fram, og dei fleste svara på dei 27 spørsmåla blei samrøystes godkjende – men med følgjande unnatak:

Spørsmål 2: Her skal det leggjast til: “Det bør vera eit statleg ansvar å finansiera og vedlikehalda kyrkjebygga, inklusive kunstskattane desse rommar”.

Spørsmål 10: Her ønskte eit mindretal på 2 å gå for Kyrkjerådet sitt fleirtal (svaralternativ 2A); “*presten kan, men ikkje må, gis rolla som dagleg leiar i ei framtidig kyrkjeordning*”.

Spørsmåla 4, 11, 12, 14, 15, 16 og 17: Her var fellesrådet delt; 3 ønskte å gå for forslaget frå kyrkjeverja – 3 ønskte å knyta følgjande generelle kommentar til desse seks spørsmåla: “*Med bakgrunn i forslaget til eit mindretal i Kyrkjerådet (pkt. C s. 76 i høyringsdokumentet) ønsker 3 av medlemmene i fellesrådet å oppretthalda dagens delte arbeidsgivarstruktur i Den norske kyrkja. Dette synspunktet påvirkar våre svar på dei sju nemnde spørsmåla. Dette inneber at me 3 ønsker å vidareføra biskopen sitt arbeidsgivaransvar og oppretthalda bispedømmerådet som eit eige, demokratisk nivå*”.

I dei øvrige spørsmåla var fellesrådet samrøystes – og den øvrige høyringsuttalen er som følgjer:

### Bakgrunn

Strand kyrkjeleg fellesråd sende 16.11.2012 inn ein uttale til eit refleksjonsdokument frå Kyrkjerådet som omhandla dei same problemstillingane som nå er gjenstand for ein høyringsrunde. Det vil derfor vera naturleg å ta utgangspunkt i dei svara fellesrådet sende inn den gongen. Det er også viktig basera

uttalen vår på det som er grunnlagsvedtaket når det gjeld ny kyrkjeordning, nemleg frå Kyrkjemøtet i 2005, då det blei vedtatt at ein i den nye kyrkjeordninga skal

*1) ha felles arbeidsgivaransvar (ei linje)*

*2) utforma eit organ på mellomnivået som balanserer den lokale tilhørighet med mulegheit for strategisk samordning og forvaltningsmessig kompetanse.*

I tillegg meiner Strand kyrkjeleg fellesråd at kommunereforma som pågår vil ha stor innverknad på vår framtidige kyrkjestruktur. 2/3 av alle inntektene til Den norske kyrkje på landsbasis kjem som rammeoverføringer frå kommunane. Me meiner at kommunalt ansvar for kyrkjeøkonomien er noko som bør vidareførast. Dette er med på å skapa legitimitet og engasjement for kyrkja lokalt, i tillegg til å byggja opp om Den norske kyrkje som ei folkekyrkje.

Som ein generell betrakting til høyringsnotatet vil Strand kyrkjeleg fellesråd uttrykka overrasking over at Kyrkjerådet i svært liten grad har tatt omsyn til dei innspela som kom inn i refleksjonsrunden hausten 2012. Blant anna gjeld dette spørsmålet om kva organ ein ser føre seg på mellomnivået. Ut frå innspela i refleksjonsrunden var det færre enn 2 % som ønskte at mellomorganet skulle leggjast på bispedømmenivå. Når det likevel er slik at eit fleirtal i kyrkjerådet går inn for å nytta nettopp bispedømmenivået som "mellomorgan", og legg det til grunn i høyringsnotatet, er det altså på tvers av ønsket til eit overmåte stort fleirtal blant menighetsråd, fellesråd og andre høyringsinstansar.

Det vil vera svært uheldig om kyrkjerådet nok ein gong ser bort frå kva høyringsinstansane meiner. Kyrkjelivet blir levd lokalt, det er her ein veit kor skoen trykkjer. Samstundes er Strand kyrkjeleg fellesråd opptatt av å ha ein nasjonal struktur i Den norske kyrkje, som kan ivareta einskapen og den lange, nasjonale tradisjonen som kyrkja har her i landet. Me ønsker sterke lokalmenigheter, men ikkje ei kongregasjonalistisk kyrkje. Me ønsker eit sentralt rettssubjekt og felles, nasjonal identitet, men ikkje ei episkopal kyrkje. I dette spennet, mellom det episkopale og kongregasjonalistiske, må me finna sterke og framtdsretta løysingar som gjer oss i stand til å vidareføra oppdraget som me fekk for over 2000 år sidan.

## **1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?**

Svar:

JA

- Me meiner at det må opprettast eit nytt, robust fellesråd – tilsvarande ein ny kommunestuktur – for utøving av arbeidsgivaransvar for alle tilsette i kyrkja innafor sokna sine område, og for profesjonell ivaretaking av gravferdsforvaltninga, kyrkjebygga og for øvrig det som høyrer inn under Kyrkjelova §14. Me meiner at namnet på dette organet kan endrast til f. eks. kyrkjeråd eller prostiråd – det sistnemnde i tilfelle rådet sitt virkefelt er det same som for prostiet.
- Me meiner at ei ny kyrkjeordning må sikra at lokalkyrkjelyden får reell myndighet når det gjeld si eiga strategiske utvikling, den økonomiske forvaltninga og i tilsettingssaker
- Det må fasthaldast at soknet er grunneininga i Den norske kyrkja og den juridiske handleevna som soknet har i dag må vidareførast. Kyrkjestrukturen må byggja opp under og styrka soknet sine mulegheiter til å tilsetja medarbeidarar, ta ansvar for økonomiforvaltninga og verksemda og strategisk utvikling. Derfor må soknet også i framtida vera ei sjølvstendig eining.
- Me meiner at så lenge kyrkja sin økonomi først og fremst kjem frå kommunale løyvingar, er samspelet mellom fellesrådet og kommunen heilt avgjerande.

- Me meiner det er viktig med nærliek, relasjon og god kommunikasjon mellom kyrkja og kommunen. Dette er avgjerande viktig i forbindelse med finansiering av kyrkja (gjennom direkte tilskot og tenesteytingsavtalar), men også i mange samanhengar som ikkje handlar om økonomi. Derfor meiner me at me treng eit representativt og profesjonelt organ som talar kyrkja si sak direkte til kommunen sine politikarar. Dette vil også vera ei stadfesting og styrking folkekyrkjetradisjonen i Dnk.
- I høyringssvara til NOU 2013:1, *Det livssynsåpne samfunn*, gir over 90% av de kyrkjelege instansane uttrykk for at gravferdsforvaltninga også i framtida bør ivaretakast av kyrkja. I vår framtidige organisering av folkekyrkja må me derfor syta for at me har organ som kan ivareta denne forvaltninga på ein like god måte som i dag.

## **2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?**

Svar: (Sjå også ingress).

JA

Dersom den offentlege finansieringa av kyrkja fell bort (ca 2/3 frå kommunane og 1/3 frå stat) eller blir vesentlig redusert, vil folkekyrkja endre karakter. Ei vesentleg endring av finansieringa av kyrkja gjer det tvilsamt om ein vil kunna fortsetja som ei landsdekkjande folkekyrkje. Fell staten si overføring bort, vil ein kunna enda opp med ei kongregasjonalistisk kyrkje der Dnk-menigheter i “kyrkjevennlege” strøk vil klara seg, medan andre vil kunna forsvinna. Og fell det kommunale ansvaret bort, vil ein kunna få ei toppfinansiert – og toppstyrt – kyrkje som bryt med prinsippet om det allmenne prestedømmet og den rike folkekyrkjetradisjonen me står i. Det bør vera eit statleg ansvar å finansiera og vedlikehalda kyrkjebygga, inklusive kunstskattane desse rommar.

## **3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.**

Svar:

Kombinasjon av offentleg finansiering og ei allmenn livssynsavgift kan då vera eit alternativ. Dersom den offentlege finansieringa fell heilt bort, kan ei allmenn livssynsavgift vera eit alternativ. Parallelt med dette, bør kyrkjemøtet og kyrkjerådet leggja til rette for ei bevisst og styrka satsing av givarteneste i kyrkjelydane.

## **4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?**

Svar: (Sjå også ingress).

Først og fremst ved å samla oppgåver, ansvar, verksemd og beslutningsmyndighet for oppgåvene lokalt i organ som opptrer på vegner av soknet. Dersom det blir oppretta nye, sterke fellesråd/kyrkjeråd/prostiråd parallelt med ein ny kommunestruktur, vil ein kunna redusere dagens 418 fellesråd til pluss/minus 150.

Dersom arbeidsgivaransvaret blir lagt til det nye fellesrådet, vil ein i prinsippet kunne begrensa seg til to nivå i kyrkja: 1) kyrkjemøte/kyrkjeråd og

2) fellesråd/menighetsråd.

Me trur ikkje det er hensiktsmessig å oppretthalde bispedømmerådet som eit valt, demokratisk organ.

Det vil vera viktig å unngå unødig byråkrati, som delegering av myndighet gjerne fører med seg, herunder delegering av tilsettingsmyndighet.

Det bør i tillegg tenkast gjennom om det finst andre måtar å rekruttera til Kyrkjemøtet på som i større grad enn i dag fangar opp heilskapen i den lokale, kyrkjelege struktur. Jfr svar på spørsmål 20.

## **5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Sokna må fortrinnsvis vera store nok til at det kan etablerast gode og store nok stabsfelleskap. Samstundes må ein kunna etablera stabssamarbeid på tvers av sokna der det er naturleg.

## **6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?**

Svar:

JA

Refleksjonsprosessen i 2012 viste at dei fleste råd i Norge er nøgde med dagens system med to organ. Det valde menighetsrådet får i denne ordninga konsentrera seg om Kyrkjelovas §9 der nærleik og evne til lokal tilpassing er viktig, mens andre oppgåver med krav om spesialkompetanse på ulike fagfelt (gravferdsforvaltning, kyrkjebyggforvaltning, personalavdeling, økonomiforvaltning m.m.) kan overlastast til fellesrådet.

## **7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?**

Svar:

På kommunenivå etter at kommunereformen er vedtatt.

Alternativt på justert prostinivå/felles for fleire kommunar dersom kommunane ikkje blir store nok til at ein får robuste forvaltingseininger.

## **8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?**

Svar:

Jfr svar på spørsmål 1. Menighetsrådet må sikrast reell innflytelse på eiga verksemd både når det gjeld ansvar i den strategiske utviklinga av menigheten, større mulegheit til å påvirke kven som blir tilsett der og økonomisk handlefridom. I ei ny kyrkjeordning bør det også tydeleggjera kva ansvarsområde menighetsrådet og fellesrådet har på vegner av soknet, jf. paragraf 14 i Kyrkjelova.

## **9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?**

Svar: JA

Alle tenestegrupper i soknet må underleggjast same styringsorgan og ha ei samla leiing. Eit samla styrings- og leiingsansvar skal sikra felles mål for alle. Det faglege sjølvstendet må relaterast til mål og strategiar for soknet.

## **10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?**

Svar: (Sjå også ingress).

Sokna bør fortrinnsvis vera store nok til at ein kan tilsetja sin eigen daglege leiar. Hovudregelen bør vera at dette er ein annan enn presten. Den som er dagleg leiar må vera ansvarleg ovafor soknet sine organ. Me er samde i Kyrkjerådet sitt fleirtal i 1A: "all virksomhet i soknet bør inkluderes i styrings- og ledelsesansvaret for soknets organer. Det bør etableres ordninger for daglig ledelse som også inkluderer prestetjenesten".

## **11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: (Sjå også ingress).

Biskopen bør ha ei rolle kor tilsyn er det sentrale. Biskopen bør ikkje ha arbeidsgivaransvar.

Me sluttar oss til Kyrkjerådet sitt mindretal i pkt B som seier at "biskopens tilsynsfunksjon bør utvikles og tydeliggjøres både overfor prester og andre vigslede medarbeidere, men biskopen bør ikke utøve arbeidsgiverfunksjoner overfor prestene".

Me ønskjer å styrka biskopen sin tilsynsfunksjon til å gjelda alle medarbeidarar, ikkje bare dei vigsla. Det einaste unntaket er for tilsette i gravferdsforvaltninga.

## **12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?**

Svar: (Sjå også ingress).

Me meiner biskopen fortsatt må sikrast ei rolle i samband med tilsettingar og eventuelt oppseiningssaker for vigsla personell utan å vera arbeidsgivar. Biskopen må også vera den som ordinerer og vigslar til kyrkjeleg teneste. Visitasar bør også i framtida vera ein av måtane biskopen utøver tilsynet på.

Elles viser me til denne formuleringa i dagens tenesteordning for biskopar som me meiner i hovudsak bør vidareførast:

"Biskopen skal gjennom forkynnelse og sakramentforvaltning ta vare på den apostoliske lære etter Guds ord og vår kirkes bekjennelse, fremme og bevare enheten i Guds kirke og rettlede og oppmuntre bispedømmets menigheter, kirkelig tilsatte og øvrige medarbeidere. For å ivareta dette tilsynsansvar kan biskopen gi råd og veiledning, og også gi bindende pålegg vedrørende presters og andre kirkelig tilsattes tjenesteutøvelse".

## **13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Som i dag

## **14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?**

Svar: (Sjå også ingress).

Me sluttar oss her til Kyrkjerådet sitt mindretal, pkt B, som meiner at bispedømmerådet ikkje skal oppretthaldast og at oppgåvene kan ivaretakast av andre organ. Det er naturleg at biskopen har ein fagstab rundt seg. Behovet for eit demokratisk organ må sjåast i forhold til den myndigheita som blir lagt til soknet sine organ.

## **15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?**

Svar: (Sjå også ingress).

I utgangspunktet ingen. Dersom bispedømmerådet likevel forblir eit demokratisk valt organ, bør rådet sine oppgåver bli avgrensa til å vera rådgivande organ for biskopen, samt å leia og initiera strategisk arbeid i bispedømmet.

## **16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?**

Svar: (Sjå også ingress).

Dersom dette spørsmålet handlar om alle tilsette i kyrkja er svaret nei. Dei som arbeider for dei sentrale og regionale kyrkjelege organa bør ha det sentrale rettssubjektet som arbeidsgivar.

Dersom dette spørsmålet handlar om alle tilsette som har si verksemd i soknet, er svaret ja. Denne felles arbeidsgivaren må gjera gjeldande ein felles strategi, mål og planar og felles forplikting for alle tilsette. Det vil svekka soknet si styring over eigne ressursar dersom ein legg arbeidsgivaransvaret for alle kyrkjelege tilsette til bispedømmerådet, med delegasjon til instansar på soknenivå. Å styrka soknet sitt sjølvstende har det vore brei semje om i denne prosessen. Me støttar Kyrkjerådet sitt mindretal i pkt B som går inn for at “arbeidsgivaransvaret for alle kirkelig tilsatte som arbeider i soknet legges til fellesrådet” (eller et justert prostinivå eller liknande).

## **17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).**

Svar: (Sjå også ingress).

Arbeidsgivaransvaret må liggja i fellesrådet/kyrkjerådet/prostirådet som opptrer på vegner av soknet (rettssubjektet).

Arbeidsgivaransvaret vil vera delegert til ein dagleg leiar.

Arbeidsgivarfunksjonen må forankrast i soknet som rettssubjekt, slik at det er rimeleg grad av nærleik mellom den som utøver arbeidsgivarrolla og den som er arbeidstakar.

## **18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?**

Svar:

Dersom kommunereforma nokre stader ikkje endar opp i kommunestorleikar som gir robuste nok fellesråd, bør det vera muleg med samarbeid over fleire kommunar (vertsfellesrådsmodell, prostimodell el.l.)

## **19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestetjenesten og andre vigslede tjenester?**

Svar:

Ved at prosten har eit fagleg leiaransvar for prestetenesta i prostiet og ei vegleiarrolle for andre funksjonar som omfatter forkynnelse og opplæring

Prosten har det avgjerande ordet når det gjeld det pastorale leiarskapet i menighetene, - innan dei (økonomiske) rammer som fellesrådet har fastsett. Tenesteordningar o.l. vil også vera med på å sikre den enkelte sin faglege sjøvständighet og integritet.

Me vil poengtera at dei fleste tilsette i kyrkja ikkje er vigsla. Ein må vakta seg vel for ei organisering av tilsettressursane som legg opp til eit skilje mellom dei tilsette i soknet.

## **20 Har høringsinstansen synspunkter på Kyrkjemøtets rolle i kirken?**

Svar:

Kyrkjemøtet skal vera kyrkja sin øvste representative myndighet. Kyrkjemøtet vedtar kyrkja sine ordningar, tar avgjersler i saker av læremessig karakter og fastset og fordeler kyrkja sin økonomi.

Kyrkjemøtet bør vera eit organ som ikkje er samansett av andre organ, for å sikra Kyrkjemøtet sin uavhengige legitimitet.

## **21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kyrkjemøtet skal settes sammen?**

Svar:

Samansetninga må endrast. Det må etablerast ei ordning med direkte val av medlemmer til Kyrkjemøtet.

## **22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispmøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kyrkjemøtet og Kirkerådet?**

Svar

Bispemøtet kan i større grad enn i dag være saksførebuar for Kyrkjemøtet, særleg når det gjeld teologiske avklaringar og endring av kurs for Dnk (visjonsarbeid).

## **23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?**

Svar:

Kyrkjerådet si vurdering jf. pkt 2 synest å vera fornuftig: «For å ivareta biskopenes selvstendige rolle, bør Bisperådets preses gis rollen å ivareta arbeidsgiverfunksjoner for de øvrige biskopene». For preses bør Kyrkjerådet ivareta arbeidsgivarfunksjonen. Det er viktig at biskopane sin teologiske fridom blir ivaretatt.

## **24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?**

Svar:

Kyrkjerådet bør ha representantar frå alle bispedømma, samt preses, og som i andre styresamanhang må stå ansvarleg ovafor Kyrkjemøtet. Kyrkjerådet må setjast saman på ein slik måte at det har kompetanse til dei oppgåvane dei skal ha ansvar for. Me meiner at det ikkje utan vidare er tilfelle med dagens samansetning. Etter Grunnlovsendringa i 2012 blei Kyrkjerådet tilført oppgåver som ikkje var ein føresetnad då dagens reglar for samansetning av Kyrkjerådet blei vedtatt.

## **25 Bør ordningen med en egen lærenemd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?**

Svar:

Me stiller oss tvilande til om ordninga med lærenemd bør videreførast. Me meiner det vil vera naturleg at bisperådet er saksførebuar når det gjeld lærespørsmål, og at teologiske avklaringar blir lagt fram for kyrkjemøtet for avgjersle (jf. prinsippet om det allmenne prestedømmet).

## **26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Som i dag

## **27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Som i dag

Jørpeland 27. mai 2015

Trond Hjorteland

kyrkjeverje